

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

28.02.2018

Søknad om dispensasjon frå arealformål landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF) for frådeling og opparbeiding av Håtuftvegen i ny trasè

Meland kommune som tiltakshavar ønskjer å legge om ein del av Håtuftvegen i samband med legging av nye vass- og avlaupsleidningar. Arealet som omlegginga skal gå over har status som LNF-område i kommuneplan for Meland kommune 2015-2026. For å få gjennomført omlegginga av Håtuftvegen søker Meland kommune som tiltakshavar om dispensasjon frå LNF-formålet for frådeling og opparbeiding av Håtuftvegen i ny trasè. Omlegginga vil omfatte GBNR 30/1, 30/3, 30/4, 30/9, 30/10 og 30/14 (eksisterande veg) i henhold til kartvedlegg 1.

Meland kommune skal bygge nye vass- og avlaupsleidningar frå vassbehandlingsanlegget på Hestdal til Myrvollane. Leidningstrasèen skal også vidareførast til Melandskaret og Moldeklev på lengre sikt. Eksisterande vassleidning går over landbruksjord langt frå veg, men det er ei därleg løysing å legge ny leidning i same trasè. Årsaka er därleg tilkomst for vedlikehald av leidning, mykje arbeid og høge kostnader ved å krysse jordbruksgrøfter, store utfordringar med å få avtale med grunneigarar om trasè og problem med å oppretthalde vassforsyninga i anleggsperioden.

Kommunen ønskjer i staden å legge leidningane langs Håtuftvegen. Dette vil vere den beste løysinga for VA-anlegget isolert sett, men gjev også moglegheit for å utbetre Håtuftvegen samtidig.

Å legge VA-leidningar langs kommunal veg gjev i anleggsfasen utfordringar ettersom Håtuftvegen er einaste tilkomstveg til Hestdal og bygdene lenger innover. Dette gjer det nødvendig å heile tida kunne halde vegen åpen. For å få til dette må det byggjast omkjøringsvegar i anleggsperioden. Grunna at det fleire stader ligg bygningar kloss i veg vil det ikkje alltid vere mogleg å berre utvide vegen, den må leggjast om eit par stader.

Håtuftvegen har i dag låg standard. I tillegg til går den også i ein trafikkfarleg trasè gjennom to gardstun og langs strekningar med därleg sikt. Grunneigarane langs vegen har uttrykt stor bekymring for trafikktryggleiken langs vegen.

Ettersom etablering av ny trasè for vass og avlaup uansett fører til at vegen må leggjast om i anleggsperioden, ønskjer Meland kommune som tiltakshavar å legge om vegen permanent utanom gardstuna. I tillegg er det eit par strekk som er så smale at for å få plass til leidningstrasè og trafikkavvikling må det sprengjast vekk fjell langs vegen. Omlegging og utsprenging er vist på vedlagt kart, vedlegg nr 1.

Løysinga vil gjere Håtuftvegen vesentleg meir trafikksikker. Ny vegtrasè er planlagt med ein bredde på 4 m, i tillegg kjem vegskulder. Det vil også bli etablert møteplassar på eigna stadar langs vegen. Kommunen ønskjer ikkje å utvide vegen ytterlegare ettersom dette kan innby til høg fart. Håtuftvegen har i dag ein fartsgrense på 50 km/t.

Meland kommune som tiltakshavar har vore i dialog med grunneigarane langs Håtuftvegen som vert direkte påverka av omlegginga, og desse er positive til omlegginga. Det vil bli inngått eigne grunneigaravtaler om kjøp av grunn for veg der dette er aktuelt.

Der omlegginga går over matjord vil jorda bli teke vare på og omplassert i samråd med grunneigar på eigna plass på same eigedom. Delar av den eksisterande Håtuftvegen vil også bli fjerna og erstatta med matjord, jf. kartvedlegg.

Som alternativ til dispensasjon kan det bli utarbeidd ein reguleringsplan. Meland kommune som tiltakshavar meiner at ein reguleringsplan ikkje er nødvendig i dette tilfelle. Årsaka er at ein reguleringsplanprosess ikkje vil tilføre saka meir opplysningar eller gje meir avklaringar enn ein dispensasjons- og byggesøknadsprosess. Formålet med tiltaket er einsarta (veg) og har eit avgrensa omfang. Ein reguleringsplanprosess vil ta så mykje tid at det ikkje vil vere mogleg å kombinere framdrifta på VA-anlegga med vegomlegginga.

Massebalanse

I samband med bygging av nytt vassverk på Hestdal må det sprengjast vekk mykje fjell. Desse steinmassane ønskjer kommunen å bruke som fundament til vegomlegginga. Dette vil gje kort reiseveg for massane og være positivt for miljø, trafikktryggleik og økonomi i prosjekta.

Vassdirektivet

Det ligg ingen vassførekosten i nærleiken med tilstand därlegare enn god. Omlegging av veg er ikkje vurdert til å gje negative konsekvensar for vassførekosten. Det vil vere spesielt viktig å ivareta overvatn på ein god måte som hindrar utvasking av jord og skadar på veg.

Naturmangfald

Det er ingen spesielle naurtyper eller arter i planlagt vegtrasè. Men det er registrert ein naturtype, rik edelauvskog med verdi viktig, ca 65 m nordøst frå vegtrasèn. I naturtypen er det registrert ein sårbar art, randprikklav. Det er også registrert to arter av særlig stor forvaltningsinteresse (alm og ask). Desse naturverdiene vil ikkje bli berørt av tiltaket.

Kommunen som tiltakshavar vurderar at søknaden om dispensasjon oppfyller vilkåra i pbl § 19-2.



Øyvind Oddekalv
Ordførar



MELAND KOMMUNE
Ordførar